

Bjarte Lerøy

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2370 - 14/8045

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2014

Avslag på søknad om fritak for søknadsplikt for tilbygg til fritidsbustad - gbnr 153/11 Valle

Viser til din førespurnad motteke her 12.03.2014 og 21.03.2014 vedkomande søknad om fritak for søknadsplikt for etablering av tilbygg til eksisterande fritidsbustad. Vi beklagar lang saksbehandlingstid.

Tiltaket som det vert søkt fritak for gjeld innbygging av eksisterande altan til fritidsbustad, slik at dette vert ei utviding av stova.

I pbl § 20-3 1.ledd bokstav f har kommunen ein skjønsmessig adgang til å fritak tiltak frå søknadsplikt ut i frå ei konkret vurdering i den einskilde sak.

I denne saka gjeld det tilbygg til eksisterande fritidsbustad, som vil medføre fasadeendring av hytta ut i frå slik den står fram i dag, og endring i bruksarealet. Eigedommen er i kommuneplanens arealdel avsett til fritidsbustad. I kommuneplanen sin arealdel punkt 1.1 er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan. Det gjeld også her. I kommuneplanens punkt 2.21 er det gjort unntak for plankravet, dersom tiltaket er eit mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a, og det er innanfor dei rammene som er lista opp.

Administrasjonen si vurdering i denne saka, er at det tiltaket som skal utførast ligg utanfor det kommunen vil fritak for søknadsplikt. Tiltaket må i ein søknad avklarast i høve til kommuneplanen. Tiltaket må sendast inn som ein søknad etter pbl § 20-2, forutsatt at tiltaket er inntil 50 m². Tiltaket må nabovarslast. I søknaden må det gjerast greie for at krava i kommuneplanen punkt 2.21 er stetta, alternativt må det søkast dispensasjon.

Vurdering av om eit forhold er søknadspliktig er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje påklagast, jf. fvl § 28.



Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjarte Lerøy
Tormod Lerøy

Ekregaten 1
leilighet 14

5036

BERGEN